



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

KLØVE SKULE



13. – 16. mars 2006



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Rektor ved Kløve skule er Ola Gaukstad. Han tok til i stillinga i august 2004.

Kløve skule har skuleåret 2005/2006 67 elevar fordelt på 4 grupper. Elevane går saman i desse gruppene:

- 1. og 2. årssteg
- 3. og 4. årssteg
- 5. og 6. årssteg
- 7. årssteg

Elevane fordeler seg slik på årsstega:

1.årssteget:	7 elevar	2.årssteget:	7 elevar
3.årssteget:	13 elevar	4.årssteget:	9 elevar
5.årssteget:	10 elevar	6.årssteget:	7 elevar
7.årssteget:	14 elevar		

I alt er det 11 tilsette ved skulen:

6 pedagogisk personale utgjør 5,0 årsverk, 1 assistent/SFO er 0,6 årsverk, 1 kontormedarbeidar i 0,1 årsverk, 1 vaktmeister i 0,2 årsverk og 1 reinhaldar i 0,5 årsverk.

Rektor har 80% administrasjon. Han er frå hausten 2005 einingsleiar for Kløve skule, Kyte og Raundalen barnehage.

Skulen ligg ca. 9 km aust for Vossevangen sentrum.

Samanslåing av Raundalen skule og Kløve skule samt at Kyte og Raundalen barnehage er tatt inn i stillinga til rektor, har ført til ei endring i skulen sine rutinar og rektor sine oppgåver. Hausten 2005 omorganiserte skulen dagen.

3 VURDERINGSTEMA

Kløve skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Organisering av skuledagen og midttidordning.

Hausten 2005 endra Kløve skule organiseringa av skuledagen. Dette gjorde dei med bakgrunn i at Kunnskapsløftet seier at timetalet skal vera i 60 minutt einigar og at punkt 9 i Læringsplakaten skal oppfyllest (Skulen skal sikra at det fysiske og psyko-sosiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring).

Det å få felles slutt for elevane og sleppa midtskyss, var ei oppmoding frå Voss kommune.



Fokusområde:

Organisering av skuledagen med midttimeordning

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det er god trivsel ved skulen	<ul style="list-style-type: none">- Eleven har vener på skulen- Det er lite konflikstar- Elevar og lærarar viser respekt for kvarandre- Elevane, dei tilsette og dei føresette trivst med den nye organiseringa av skuledagen
Det er godt samarbeid skule/heim	<ul style="list-style-type: none">- Dei føresette har medverknad når det gjeld innhald og organisering- Rådsorgana der foreldre er representerte fungerer til beste for skulen- Dei føresette får informasjon om den faglege og sosiale utviklinga- Dei føresette opplever foreldresamtalen som nyttig- Dei føresette opplever foreldremøta som nyttige- Heimen kjenner fagleg innhald og samarbeidsmåtar i skulen- Foreldre synest det er lett å ta kontakt med skulen
Den nye organiseringa av skuledagen er slik at ho fremjar eit godt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">- Eleven har arbeidsro- Det er orden i klasserommet- Elevane lærer fagleg av kvarandre- Elevane har tilpassa arbeids- eller lekseplanar- Eleven får hjelp av lærar- Det er varierte arbeidsmåtar- Romma er møblert og utstyrt slik at det passar organisasjonsmodellen- Det er passe lange arbeidsøkte- Pausane er passe lange
Skuledagen er organisert slik at fysisk aktivitet og måltider er ein integrert del	<ul style="list-style-type: none">- Det er lagt til rette for fysisk aktivitet kvar dag- Uteområdet gir god plass til leik- Uteområdet gir plass for variert leik- Elevane er nøgde med aktivitetstilboda i midttimen- Elevane har nok tid til å eta- Elevane har tilbod om frukt/grønt og mjølk
Den nye organiseringa av skuledagen er slik at alle tilsette har eit godt arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none">- Leiinga gir god informasjon til alle tilsette- Dei tilsette har medverknad på organiseringa- Det er gode arbeidsplassar- Det er fast samarbeidstid for lærarane- Lærarane kan rettleia og læra av kvarandre



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: Elevar, foreldre, pedagogisk personale og rektor.
- Eksterne: Vurderingsparet
Marit Gursli, Kinsarvik og
Liv Kristoffersen, Eidfjord.

Organiseringa av skuledagen med fokus på innføring av Kunnskapsløftet og punkt 9 i læringsplakaten vedkjem alle partar i skulesamfunnet. Det var difor viktig at alle desse var informantar i vurderinga.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
09.01.06	Avtale om møte med rektor og personale. Skulen melder vurderingstema.	Vurderarane
Veke 3	Gjennomgang og fordjuping i vurderingstema. Val av metodar for informasjonsinnhenting.	Vurderarane
Torsdag 02.02.06	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa har fått planar og anna relevant informasjon frå skulen før dette møtet. Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga og framlegg til kriterium. Me drøftar endringar og ynskje og set opp tidsplan for vurderinga.	Vurderarane / skulen
Veke 5	Skulen får kriterieark.	Vurderarane
Veke 6	Skulen drøftar kriteria og kjem med evt. endringar og tillegg.	Skulen
Veke 7	Skulen får materiell som skal fyllast ut for å gi vurderarane førehandsinformasjon.	Vurderarane
Veke 7 og 8	Utdeling og utfylling av spørjeskjema. Retur av utfylte skjema og liknande.	Skulen
Veke 9	Vinterferie	
Veke 10	Oppsummering av skjema. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Veke 11	<p>Vurderingsveka: <u>13., 14., 15. og 16. mars</u></p> <p><u>Måndag:</u> Foreldremøte kl. 18.30. Rektor organiserer innkalling og ordnar med det praktiske.</p> <p><u>Tysdag og onsdag:</u> Vurderingsgruppa har samtale/intervju/observasjon med dei skulen og vurderarane vel ut. Skulen set opp ein plan for dette og finn høveleg rom. Vurderarane arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld.</p> <p><u>Torsdag:</u> Møte med rektor. Fellesmøte mellom personalet og vurderarane for framlegging av førebels rapport.</p>	Vurderarane / skulen
Veke 12	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Voss kommune.	Vurderingsgruppa
Veke 14	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsgruppa.	Skulen
Vår 06	Rapport, loggskjema, spørjeskjema og observasjonsskjema og samtaleguidar vert lagt ut på regionen si nettside.	Regionen
Haust 06	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen.	Kommunen

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, vekeplanar, Elevundersøkjinga, timeplanar og tilsynsplanar.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i Kunnskapsløftet, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart lagt fram på det fyrste møtet med skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar, foreldre og lærarar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa av skjema peikte på område vurderarane måtte henta inn meir informasjon frå.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å henta meir informasjon til vurderingstema, laga vurderarane samtaleguidar for føresette, pedagogisk personale og elevar. I vurderingsveka hadde vurderarane foreldremøte med klassekontaktar og vara. På skulen samtala vurderarane med alle dei tilsette og grupper av elevar frå alle årssteg.

Observasjon i gruppene på skulen.

Tilhøyrarar på foreldremøte med elevmiljøet som tema.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegna frå informantane mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Vurderarane fann område som syner skulen sine sterke sider og utviklingsområde innan vurderingstemaet.

8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Foreldre og tilsette ved Kløve skule syner vilje til å arbeida med elevmiljøet**
 - Etter foreldremøtet første dagen, vart vurderingsparet inviterte til å vera med som observatørar på eit møte mellom skule/PPT og føresette. Tema for møtet var *Arbeid med elevmiljøet*.
 - På møtet kom det fram planar/vilje til å tenkja framover for å betra elevmiljøet.
 - Begge partar er ærlege og set fokus på problemstillinga.
 - Me møtte engasjerte og interesserte foreldre som vil det beste for skulen.
 - Dei føresette har starta med å laga fellesmåltid ein gong i månaden. Dette vart opplevd som svært positivt for alle partar.
 - Fleire foreldre sa at dei stiller seg til disposisjon for å vera til stades i midttimen.



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

- **Elevane har vener på skulen**
 - Gjennom påstandsskjema og intervju seier elevane at dei har vener på skulen.
 - Trass tilbakemelding om elevkonfliktar, sa fleirtalet av elevane at dei trivs på skulen.
 - Me møtte greie og positive elevar.
 - I vurderingsperioden var det kjempefint vær. Dette kan vera medverkande til at me ikkje registrerte større elevkonfliktar.

- **Dei tilsette strekk seg langt i møte med elevane**
 - Me møtte tilsette med omsorg for elevane.
 - Dei tilsette har god kontakt og er imøtekomande overfor elevane.
 - Døra til einingsleiar og dei andre tilsette er alltid open.

- **Vekeplanar er tatt i bruk på alle årsstega**
 - Desse gjev informasjon til elevane og heimen om lekser og kva som skal skje i løpet av veka.
 - Dei yngste elevane får tilbakemelding om hendingar og utvikling som er felles for gruppa.

- **Skulen gjennomfører planlagde elevsamtalar/utviklingssamtalar**
 - Utviklingssamtalar vert gjennomført på alle steg. Desse samtalane vert halde ut frå eit skjema og omhandlar fagleg og sosial utvikling.
 - Utviklingssamtalar og vurdering av elevane sitt arbeid er viktig for den faglege og sosiale utviklinga til elevane.

- **Skulen har rutinar for å informera om hendingar ut over faste rutinar.**
 - På personalrommet heng eit skjema for veka som fortel om kurs/møte for personalet, Skidagar/"inn på tunet" for elevane og anna.

- **Skulen har gode tankar for å møta utfordringane i Kunnskapsløftet**
 - Skulen er i ein utviklingsfase for å møta Kunnskapsløftet. Omorganiseringa av skuledagen er ein viktig del av dette.
 - Læringsøktene er utvida til 60 minutt. Dette gjev rom for meir fleksibilitet og ro i øktene.
 - Organiseringa av dagen gjev rom for fysisk aktivitet og god tid til måltid kvar dag.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Skulen må arbeida vidare med elevmiljøet**
 - Me har fått tilbakemelding om negative hendingar i elevmiljøet. Skulen samarbeider med PPT for å betra dette.
 - Arbeid og vidare planar må halda fram.

- **Klargjera grenser for kvar elevane kan gå fritt**
 - Elevane brukar alle rom og arenaer som fritt tilgjengelege. Trass i at dette verkar som å vera ein innarbeidd kultur, fekk me erfaringar og tilbakemeldingar på at dette kan verka forstyrrande for både vaksne og elevar.
 - Det er viktig at alle i skulekvardagen har ei felles oppfatting og felles reglar for dette.
 - I førebyggjande arbeid med elevmiljøet, kan dette vera ein faktor å ta omsyn til.

- **Leggja til rette for betre kommunikasjon**
 - Kommunikasjon er viktig for at samarbeidet skal fungera godt på alle plan (skule-heim, elev-elev, elev-lærar og mellom tilsette).
 - Dei føresette gav uttrykk for at dei ynskje betre og tidlegare informasjon/tiltak i saka om elevmiljøet. Foreldremøta for trinna var i for stor grad ei opplisting av planar. Sjå læringsplakaten punkt 10.
 - Felles opplevingar/aktivitetar for elevane (blanda årssteg og kjønn) er viktig for god kommunikasjon mellom elevane.
 - Eit elevråd som fungerer er viktig for at elevane skal vera med og bestemma i skulekvardagen. Elevane opplever ikkje at elevrådet er eit nyttig organ. Dei opplever at dei ikkje vert høyrd. Sjå læringsplakaten punkt 4.
 - I ein fådelt skule er kvardagen travel med få treffpunkt mellom kollegaer. Det er viktig at tid til samarbeid vert lagt slik at ho fungerer i praksis og ikkje vert oppfatta som stress.
 - Nå ein endrar organisering av dagen, er det viktig at alle dei tilsette er med i prosessen heile tida.

- **Skulen må arbeida med tilrettelegging av aktivitetar i midttimen**
 - Gjennom påstandsskjema og intervju seier elevar, tilsette og føresette at det er for lite å ta seg til ute i midttimen.
 - Tilbakemeldingane er og at økta er for lang for dei eldste elevane når det er så lite å ta seg til.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

- Elevar som har lite å finna på, kan ta til negative handlingar mot andre elevar.
- Det er lite leikeapparat på leikeplassen. Nokre av dei eksisterande treng sårt ei opprusting.
- Punkt 9 i Læringsplakaten seier at det fysiske og psyko-sosiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring.
- **Arbeida vidare med vekeplanane til elevane slik at læringsmåla er kjende og at planane vert betre differensierte**
 - Vekeplanane for elevane inneheld lite val. Val er ein måte å differensiera lekser/læringsmål og tilpassa opplæringa på. Elevane bør òvast opp til å gjera val med omsyn til vanskegrad, mengd og eller arbeidsmåte.
 - Elevane sine vekeplanar inneheld i liten grad læringsmål. For at elevane skal ta ansvar for eiga læring, er det viktig at dei kjenner læringsmåla. Desse måla bør stå på vekeplanen.
 - Då elevane vart spurde om dei visste kva dei skulle *læra*, svara dei at dei visste kva dei skulle *gjera*. Det er viktig at elevane lærer å fokusera på måloppnåing i aukande grad med aukande alder.
 - Stortingsmelding 30 "Kultur for læring" vart vedteken i juni 2004. Her vert det understreka kor viktig det er at læringsmåla er kjende for elevar og foreldre.
- **Skulen bør i større grad variera arbeidsmåtane for å nå læringsmåla**
 - Arbeidsplan bør gå inn som ein del av skuleveka i alle klassar.
 - Elevane bør få høve til å velja i ulike arbeidsoppgåver med omsyn til differensiering og læringsstilar.
 - Fleire læringsstrategiar bør vurderast ut i frå at elevar lærer på ulike måtar, sjå Læringsplakaten punkt 3 og 6.
- **Skulen bør utarbeida planar i høve bruk og oppfølging av kartleggingsmateriell**
 - Det bør lagast ei oversikt over kartleggingsmateriellet som skulen har.
 - Ein plan for kartlegging på dei ulike klassane bør utarbeidast.
 - Skulen bør ha ein rutine for oppfølging av kartlegging.
- **Betra tilrettelegging av dei tilsette sitt arbeidsmiljø**
 - Plassering av tid for samarbeid i team bør diskuterast i kollegiet.
 - Ein bør prøva å skjerma lærarane i høve mat, samarbeid og eige arbeid.
 - Skulen manglar eit møterom.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER MND - ÅR - SKULE

Utviklingsområde	Idear
Skulen må arbeida vidare med elevmiljøet	<ul style="list-style-type: none">- Ha fellesaktivitetar- Aktivitetar med føresette- Vurdera førebyggjande program
Klargjera grenser for kvar elevane kan gå fritt	<ul style="list-style-type: none">- Drøfta felles reglar i personalet- Haldningsarbeid og reglar kring: kva som kan forstyrre andre, respekt for andre sine ting
Leggja til rette for betre kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none">- Innarbeida faste rutinar
Skulen må arbeida med tilrettelegging av aktivitetar i midttimen	<ul style="list-style-type: none">- Elevrådet vert involvert- Eldre elevar får ansvar- Turneringar- Prosjekt i klassane- Opprusting av leikeplassen- Leikekurs- Kosekrok- "Backup" for dårleg vær
Arbeida vidare med vekeplanane til elevane slik at læringsmåla er kjende og at planane vert betre differensierte	<ul style="list-style-type: none">- Arbeida for felles gjenkjenneleg mal- Opplysningar kan ha fast plass/rekkefølge- Skriva læringsmål på planane- Differensiering i form av val
Skulen bør i større grad variera arbeidsmåtane for å nå læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">- Utvida bruk av arbeidsplan med høve til val- For å sikra variasjon kan skulen laga ei "smørbrødtype" over arbeidsmatar ein kan bruka- Skulen kan samla og katalogisera læremidlar (evt. supplerer)- I større grad ta i bruk ikt som digitalt læringsverktøy
Skulen bør utarbeida planar i høve bruk og oppfølging av kartleggingsmaterieill	<ul style="list-style-type: none">- Det bør lagast ei oversikt over kartleggingsmaterieill som skulen har- Ein plan for kartlegging på dei ulike klassane bør utarbeidast- Skulen bør ha rutine for oppfølging av kartlegging
Betra tilrettelegging av dei tilsette sitt arbeidsmiljø	<ul style="list-style-type: none">- Ha ein gjennomgang på kva samarbeidstida vert brukt til.

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 16.03.06

Marit Gursli
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Liv Kristoffersen
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

4 Vedlegg



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Påstandsskjema for dei tilsette ved Kløve skule

Vurderingstema: Organisering av skuledagen med midttime

Eg underviser på småsteget
Eg underviser på mellomsteget

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Elevane trivst på skulen				
2	Det er lite konflikhtar på skulen				
3	Omorganiseringa har ført til auka trivsel for elevane				
4	Det er lett å ta kontakt med skulen				
5	Foreldra støttar opp om skulearbeidet				
6	Dei føresette er kjend med den faglege og sosiale utviklinga til eleven				
7	Dei føresetter er godt kjende med innhald og arbeidsmåtar i undervisninga				
8	Rådsorgana ved skulen er aktive				
9	Dei føresette har medverknad når det gjeld endringar/tilpassingar i organiseringa				
10	Det er arbeidsro i øktene				
11	Elevane har tilpassa lekse/arbeidsplanar				
12	Læringsmåla er tydelege for den einskilde elev				
13	Det er varierte arbeidsmåtar				
14	Det er passe lange arbeidsøkter				
15	Pausane er passe lange				
16	Eg brukar IKT i nesten alle fag				
17	Eg gjennomfører elevsamtalar/utviklingssamtalar				
18	Me har gode uteområde				
19	Elevane er aktive i midttimen				
20	Elevane har god tid til å eta				
21	Eg har tid til rettleiing av den einskilde elev				
22	Eg får seia mi meining om organiseringa ved skulen				
23	Omorganiseringa har ført til meir arbeidspress for meg				
24	Det er gode fysiske arbeidsforhold ved skulen				
25	Me har pedagogiske/metodiske samtalar i kollegiet				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!



VEDLEGG 2

Påstandsskiema for foreldre ved Kløve skule

Vurderingstema: Organisering av skuledagen med midttime

Mitt barn går i 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. (kryss av)

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Barnet mitt/vårt trivst på skulen				
2	Barnet mitt/vårt har venner/leikekameratar på skulen				
3	Eg/me er nøgd med den nye organiseringa av skuledagen				
4	Eg veit kva barnet mitt/vårt skal læra kvar veke				
5	Eg har oversikt over kva som skal skje i klassen/gruppa				
6	Det er lett å ta kontakt med kontaktlærer viss me lurar på noko				
7	Det er arbeidsro i timane				
8	Det er lett å forstå lekse/arbeidsplanen				
9	Det er lett å rettleia barnet mitt/ vårt i heimearbeidet				
10	Barnet mitt/vårt får oppgaver han/ho meistarar				
11	Barnet mitt/vårt får oppgaver som er utfordrande				
12	Barnet mitt/ vårt har elevsamtale med kontaktlæraren sin				
13	Skulen har gode uteområde				
14	Skulen legg til rette for fysisk aktivitet kvar dag				
15	Barnet mitt/vårt får god tid til å eta				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!



VEDLEGG 3

Påstandsskjema for elevar i 5., 6. og 7. klasse ved Kløve skule

Vurderingstema: Organisering av skuledagen med midttime

Eg går i 5. 6. 7. (kryss av)

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Eg trivst på skulen.				
2	Eg vert ikkje erta på skulen				
3	Eg ertar ingen på skulen				
4	Eg veit kva eg skal læra kvar veke.				
5	Eg har skulearbeid som er passe vanskeleg for meg.				
6	Eg veit alltid kva eg har i lekse.				
7	Eg får hjelp når eg treng det på skulen.				
8	Det er arbeidsro i timane.				
9	Eg får hjelp når eg treng det heime.				
10	Eg har nok tid til å ete.				
11	Det er passe lange arbeidsøkter.				
12	Det er passe lange pausar.				
13	Eg er nøgd med aktivitetstilboda i midttimen.				
14	Eg finn ofte på aktivitetar ute.				
15	Eg snakkar ofte med kontaktlæraren min				
16	Eg har hatt førebudd elevsamtale med kontaktlæraren min				
17	Læraren seier når eg har gjort noko bra, og han seier når eg må arbeida meir med noko				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!



VEDLEGG 4

Påstandsskjema for elevar i 3. og 4. klasse ved Kløve skule

Vurderingstema: Organisering av skuledagen med midttime

Eg går i 3. 4. (kryss av)

PÅSTAND		Hellt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Eg trivst på skulen				
2	Eg vert ikkje erta på skulen				
3	Eg ertar ingen på skulen				
4	Eg veit kva eg skal læra kvar veke				
5	Eg veit alltid kva eg har i lekse.				
6	Eg får hjelp når eg treng det på skulen				
7	Eg har oppgåver på skulen som eg greier				
8	Det er arbeidsro i timane				
9	Det er passe lange arbeidsøkter				
10	Det er passe lange pausar				
11	Eg får hjelp når eg treng det heime				
12	Eg har nok tid til å ete				
13	Det er lett å finne på noko i midttimen				
14	Det er kjekt å leika på uteområdet				
15	Eg snakkar ofte med kontaktlæraren min				
16	Eg har hatt elevsamtale med kontaktlæraren min				
17	Læraren seier når eg har gjort noko bra				
18	Læraren seier når eg må arbeida meir med noko				

Dersom det er andre ting du vil seia noko om, skriv det på baksida av arket.

På førehand takk for hjelpa!